

STADNAMN EIKJABYGDA

1 TJØNNÅS STASJON

Tjønnås ligg på Sorlandsbanen, 91,3 meter over havet, km 167,55, stasjonsnr. 2003, og var underlagt Bø stasjon. Ringesignalet til Tjønnås var _ _ _ (to lange, ein kort og ein lang). Tjønnås blei oppretta som stoppestad 15.12.1925. Siste dag med berjing på stasjonen var 31.08.1967. Frå 01.09.1967 blei det haldeplass og hadde siste stoppgang 10.01.1999. Stasjonsbygning og uthus blei teikna av NSB arkitektkontor og bygd i 1924/25. Bygningstypen blei sett opp fleire stader på jernbane-nettet med pakkkhus til venstre eller til høgre. Ole Jørgen og Hildeborg Håverstad var dei fyrste tilsette ved Tjønnås stasjon. Han var banevoktar på Tjønnås frå 1925 til ca 1952-53. Ho var ekspeditrise. Tjønnås var ein typisk "kjerringstasjon". Det var ei vanleg nemning på denne type ekspedisjonsstader der mannen var banevoktar og kona ekspeditrise, som det heitte. Ho hadde hand om dagleg drift med billett-sal, gods og eventuelt postkontor.

TJØNNÅS POSTOPNERI

Ved Tjønnås stasjon var det posthus frå 01.01.1926 til 01.07.1967.

SPRENGSTOFFLAGER VED KYRKJEKLEIVA

Fyrst på 1920-talet kom bygginga av Sorlandsbanen til Bø. Anlegget gav arbeid til mange, for det meste av innsatsen var basert på handemakt. Men til fjellarbeid blei det nytta store mengder sprengstoff, som måtte lagrast langt frå folk. Sprengstofflageret blei lagt til ein stad nær Kyrkjeleiva ved Børte, og restane av det er framleis å sjå. Det fyrste regulerte toget kom til Bø stasjon 1. desember 1924. Året etter vart Tjønnås stasjon opna.

2 K.H.FIRINGEN ASS. LANDHANDEL

Denne tomta på 3,5 da blei i 1926 skild frå Nistugu Eikja og kjøpt av bruks-eigar O.J.Rånås som bygde hus/butikk her. Forretningen blei starta i 1926 med firmanamn Tjønnås Landhandel, men blei over-tatt av Knut H.Firingen den 14. mai 1934. Nå blei firmanamnet K.H.Firingen Ass. Landhandel. Adresse Tjønnås st. Tlf. 894 over Bø. Verksemda omfatta sal av alle slag kolonial og feitevarer, landmannsvarer, manu-faktur, jernvarer, glas og steintøy osv. Omsetningen var i åra 1937-38 ca. kr. 85.000. Landhandelen gav arbeid til 2 funksjonærar. Knut H.Firingen dreiv forretning her til 1964. Østlandets En Gros blei da nye eigarar og dreiv forretning fram til 1970. Da blei forretningsverksemda lagt ned, og hus og tomt blei seld til Sveinung og Kåre Slattedalen. Nå er huset ombygd og brukast til bustadhus.

3



SKIBAKKEN AASEKOLEN

Årsaka til att det vart skibakke her er att Gunnulv H. Staurheim skjenka grunn til bakken her, det vart gjort på festen som Skarphedin hadde 5. mars 1916, i anledning sitt 25-års jubileum. På årsmøtet i Skarphedin 30.12.1917, vart det bestemt att namnet på bakken skulle vera Aasekolen. Lokalt vart bakken kalla Aasebakken. Bakken blei påbyrja og ferdigstilt som treningsbakke vinteren 1917, bakken vart sidan ferdigbygd, og der var halde fleire store renn, fyrste gong i 1918, siste gong i 1937. Av store renn kan me nemne landskrirennet 21. og 22. februar 1931, som Skarphedin hadde fått tildelt i samband med sitt 40-års jubileum denne vinteren. Hopprennet skulle avviklast her, og i samband med dette måtte Aasekolen skibakke utbetrast, og dette vart gjort. Dette hopprennet i Aasekolen samla over 2000 tilskodarar. Det var påmeldt 107 snykke til skrirennet. Veret var fin-fint denne dagen, og dei fleste av alle desse tilskodarane som strøymdte til bakken heile foremiddagen kom med ekstratog til Tjønnås stasjon. NSB hadde sett opp ekstratog frå Skien, Kongsberg, Tinnoset og Kragerø denne dagen. Skibakken imponera ikkje i storleik, men var ein passeleg stor og god bakke. Dei fleste hoppa vart målt i lengde mellom 40 og 50 meter her. Siste hopprenn som vart avvika her var i 1937.

5 TJØNNÅS TORVSTROFABRIKK


Det heile starta med eit torvstrølag i 1908, så blei Tjønnås Torvstrofabrikk bygd i 1927. Ein del av myrareale ligg i Bø kommune, men mestedelen av myrarealet pluss sjølve fabrikk ligg i Lunde kommune. Torvstrofabrikken blei driven konstant frå 1927, bortsett frå eit avbrøt under andre verdenskrigen. I 1946 kjøpte Jørgen Olsrud frå Våler i Hedmark Tjønnås Torvstrofabrikk og dreiv den fram til sommaren 1976. Torvstrofabrikken blei etter kvart ei veldrivt lita verksemd som skaffa arbeid til 5-10 karar det meste av året og sesongarbeid til dusinvis av skuleungdom frå Bø og Lunde i sommarferien. Over 100 personar kunne vera på lønninglista i den mest hektiske delen av sesongen. Det meste av produksjonen blei levera til garneri og bu-tikker i Telemark og på Stavangerkanten. Men verksemda var heilt avhengig av vèrgudane. Tørkesomrane gav rasjonell produksjon av 12-15 000 torvballar som for det meste blei sendt med jernbanevogner frå Tjønnås jern-banestasjon. Men i dei værste regnsomrane blei alt strev, arbeid og utgifter belønna med ingen produksjon og heller inga inntekt.

Hans G. Myhre fortel om torvmyra:

Far min leigde bort 40 mål torvmyr av Drigelsmyrane til nokre av dei største gard-brukarane i Bø i 1908. Dei sette opp to store torvhus og mange små lengre ute på myra. Torva blei skoren i skiver ca. 10 cm tjukke og 25x35 cm i firkant. Dei blei lagt til tork på stalråldehse som var dobbel. Når dei så blei tørre, hyste ein dei i små-husa. Seinare blei dei trilla inn og rivne sund i dei store husa. Det var Borgja gard som hadde dette utstyret. Hugar sjefen for rivinga heitte Harald Aasen. Han var antakelig husmann under Borgja.

Det var svenskar som hadde starta stikkinga av torv. Syster mi, Kari, er fødd i 1909 og i barsel til hennar kom 9 spann med graut. All denne grauten kunne me ikkje eta opp sjølve, så ein del fall på svenskane som låg i uthusa. Etter siste krig, i 1946, hadde det kome ein svenske heim. Han ville sjå igjen den garden der dei hadde fått så mykje god graut!

Den årlege leiga for arealet var 1 kr pr. mål. Seinare da O.J.Rånås starta sagbruk på Tjønnås i 1925, kom han i kontakt med ein Helge Vik, og i 1927 blei Tjønnås Torv-fabrikk stifta. Det vart bygd stor bygning med rivur og presse og stort lagertom for



ballar. Stikking og torking blei gjort ute på myra. Årleg leige for dei 250 måla bar vore 5 øre pr. bale. Arbeidsstyrken var ca. 10-12 mann pluss ein del ungdommar om sommaren. Leigekontrakten gjekk ut i 1977.

GEVÆRKULER I MYRA

Ved stikking av torv på Drigelsmyrene har ein kome over grovkaltbra geværkuler av bly. Desse skriv seg frå 1901 da Bø Skyttarlag skipa til feltskyting der ute. Skyttarane skaut 15 skot kvar mot halvgraven. Haldet var ukjent, men truleg på 400-500 meter. Fyrstepremiane gjekk til Halvor Moland og Sveinung T. Børte med 7 figurar.

